

## Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 08.09.2021

Stian Davies, A, sette fram slikt forslag på vegner av A, V, SV, SP og MDG:

«1. Fylkesutvalet ber om at følgjande uttale vert sendt til Kulturdepartementet:

«Vestland fylkeskommune ber om at Kulturdepartementet gjer ei grundig vurdering av kva tiltak som kan gjerast for å redusere ventetida på spelemidlar i fylkeskommunar som har lang ventetid for tildeling. Det er per i dag svært stor forskjell på kor lenge eit anlegg i gjennomsnitt må vente på tildeling av spelemidlar. I Oslo har ventetida dei siste åra vore på 0,15 år (2021) og 0,30 år (2020). For Vestland fylke har ventetida vore på 3,58 år (2021) og 3,97 år (2020).

Det kan vere svært utfordrande for lokale initiativ når ventetida vert så lang, særleg for frivillig sektor. Dei ulike laga og organisasjonane må ofte ta opp mellombelse lån for å mellomfinansiere spelemiddelandelen av finansieringsplanen i etableringsfasen. Det gjer auka kostnadar til organisasjonen, fordi dei må betale renter av lånet til dei får spelemidlar. Det kan vere eit alternativ å vente med etablering av anlegget til ein har fått ei spelemiddeltildeling. Når ventetida er mellom 3 til 5 år (og i enkelte tilfelle lenger) er det likevel vanskeleg å skulle vente så lenge med etablering av anlegget når alle planar er klare og den øvrige finansieringa er i orden, slik dei må vere for å få godkjend spelemiddelsøknaden. Dette er vanskeleg for eksempel:

- fordi anlegget vert dyrare og ein får reelt sett mindre i spelemidlar på grunn av mellomfinansiering før tildeling.
- fordi kostnadane kan auke med tida.
- fordi tilskot frå private organisasjonar kan ha ein tidsfrist/rapporteringsfrist.
- fordi anlegget som regel skal etablerast for å dekke eit presserande behov i lokalsamfunnet.
- fordi medlemmar i styra i frivillige lag og organisasjonar ofte vert skifta ut med 2 til 4 års mellomrom, noko som gjer at kunnskapen om planane i blant nye styremedlemmer kan vere uklår.

Utrekninga av anleggsdekning er også problematisk. Dersom ein person som bur i ein mindre kommune, som Gulen eller Lærdal kommune, skal ha same mogelegheit og tilgang til ulike typar anlegg som ein person som bur i store kommunar som Oslo kommune må ein akseptere ei høgare anleggsdekning i dei små kommunane. Bur du i Oslo kommune kan du innanfor ein halvtimes reisetid få tilgang til veldig mange anlegg, f.eks. fleire fotballbaner, innandørshallar med flater for handball, volleyball og bandy, ishall, klatreanlegg, tufteparkar, skianlegg, friluftslivsanlegg eller svømmehallen. Bur du i ein spreiddbygd kommune som Gulen så har du kanskje berre ein ballbinge og ein turveg innanfor ein halvtimes reisetid. Slik fordelingsnøkkelen er lagt opp per i dag favoriserer den i stor grad tettbygde områder. Dette skapar igjen lengre ventetid, særleg i områder som er mindre tettbygde. Dersom Kulturdepartementet legg mindre vekt på kriteria om tal innbyggjarar og anleggsdekning, og i tillegg legg til ventetid som del av fordelingsnøkkelen kan dette verke utjamnande på ventetida.

Det bør gjerast tiltak slik at ventetida mellom anlegg er så lik som mogeleg over heile landet. Vestland fylkeskommune har fleire forslag til korleis dette kan gjerast:

- Inkludere ventetid som del av kriteria for hovudfordelinga i tillegg til kriteria godkjend søknadssum, tal innbyggjarar og anleggsfordeling.
- Sjå fordeling til post 2 i samanheng med tildelingar til post 1.1. når det gjeld ventetid.
- Erstatte pkt. 2.5.3 i bestemmelsane med ei formulering om auka tildeling til områder med lang ventetid.»

### Avrøysting

Davies sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

## 1. Fylkesutvalet ber om at følgjande uttale vert sendt til Kulturdepartementet:

«Vestland fylkeskommune ber om at Kulturdepartementet gjer ei grundig vurdering av kva tiltak som kan gjerast for å redusere ventetida på spelemidlar i fylkeskommunar som har lang ventetid for tildeling. Det er per i dag svært stor forskjell på kor lenge eit anlegg i gjennomsnitt må vente på tildeling av spelemidlar. I Oslo har ventetida dei siste åra vore på 0,15 år (2021) og 0,30 år (2020). For Vestland fylke har ventetida vore på 3,58 år (2021) og 3,97 år (2020).

Det kan vere svært utfordrande for lokale initiativ når ventetida vert så lang, særleg for frivillig sektor. Dei ulike laga og organisasjonane må ofte ta opp mellombelse lån for å mellomfinansiere spelemiddelandelen av finansieringsplanen i etableringsfasen. Det gjer auka kostnader til organisasjonen, fordi dei må betale renter av lånet til dei får spelemidlar. Det kan vere eit alternativ å vente med etablering av anlegget til ein har fått ei spelemiddeltildeling. Når ventetida er mellom 3 til 5 år (og i enkelte tilfelle lenger) er det likevel vanskeleg å skulle vente så lenge med etablering av anlegget når alle planar er klare og den øvrige finansieringa er i orden, slik dei må vere for å få godkjend spelemiddelsøknaden. Dette er vanskeleg for eksempel:

- fordi anlegget vert dyrare og ein får reelt sett mindre i spelemidlar på grunn av mellomfinansiering før tildeling.
- fordi kostnadane kan auke med tida.
- fordi tilskot frå private organisasjonar kan ha ein tidsfrist/rapporteringsfrist.
- fordi anlegget som regel skal etablerast for å dekke eit presserande behov i lokalsamfunnet.
- fordi medlemmar i styra i frivillige lag og organisasjonar ofte vert skifta ut med 2 til 4 års mellomrom, noko som gjer at kunnskapen om planane i blant nye styremedlemmer kan vere uklår.

Utrekninga av anleggsdekning er også problematisk. Dersom ein person som bur i ein mindre kommune, som Gulen eller Lærdal kommune, skal ha same mogelegheit og tilgang til ulike typar anlegg som ein person som bur i store kommunar som Oslo kommune må ein akseptere ei høgare anleggsdekning i dei små kommunane. Bur du i Oslo kommune kan du innanfor ein halvtimes reisetid få tilgang til veldig mange anlegg, f.eks. fleire fotballbaner, innandørshallar med flater for handball, volleyball og bandy, ishall, klatreanlegg, tuftparkar, skianlegg, friluftslivsanelegg eller svømmehallen. Bur du i ein spreiddbygd kommune som Gulen så har du kanskje berre ein ballbinge og ein turveg innanfor ein halvtimes reisetid. Slik fordelingsnøkkelen er lagt opp per i dag favoriserer den i stor grad tettbygde områder. Dette skapar igjen lengre ventetid, særleg i områder som er mindre tettbygde. Dersom Kulturdepartementet legg mindre vekt på kriteria om tal innbyggjarar og anleggsdekning, og i tillegg legg til ventetid som del av fordelingsnøkkelen kan dette verke utjamnande på ventetida.

Det bør gjerast tiltak slik at ventetida mellom anlegg er så lik som mogeleg over heile landet. Vestland fylkeskommune har fleire forslag til korleis dette kan gjerast:

- Inkludere ventetid som del av kriteria for hovudfordelinga i tillegg til kriteria godkjend søknadssum, tal innbyggjarar og anleggsfordeling.
- Sjå fordeling til post 2 i samanheng med tildelingar til post 1.1. når det gjeld ventetid.
- Erstatte pkt. 2.5.3 i bestemmelsane med ei formulering om auka tildeling til områder med lang ventetid.